



Identiske brev går til:

Dalane Friluftsråd, Postboks 580, 4379 Egersund

Ryfylke Friluftsråd, Jåttåvågen 36, 4020 Stavanger

Friluftsrådet Vest, Postboks 63, 5575 Aksdal

Bergen og Omland Friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 Bergen

Godkjenning av årsrapport for 2013 og overføring av tilskot til Vestkystparken 2014 - fordeling av det statlege tilskotet til driftseiningane.

Me viser til brev, mottatt 31.01.2014, frå Rogaland fylkeskommune som sekretariat for Vestkystparken. I brevet vert det søkt om driftsmiddel til Vestkystparken for 2014. Vedlagt søknaden er gjeldande samarbeidsavtale og handlingsplan for Vestkystparken (2011-2015), samt reknskap og budsjett. I tillegg har me mottatt årsmeldingar for 2013 frå alle driftseiningane som inngår i Vestkystparken. Fylkesmannen godkjenner med dette rapporten, og ser at krava til søknad om driftsmiddel er oppfylte.

Fylkesmannen i Rogaland har ansvar for overføring av det statlege tilskotet til aktuelle friluftsråd i Vestkystparken for 2014. Det totale beløpet er i år på kr 2 980 000,-. Av dette skal kr 2.965.000,- fordelast på driftseiningane. Fylkesmannen vil betala ut det statlege tilskotet i ei utbetaling, fordelt til kvar av friluftsråda og i samsvar med styremøte i Vestkystparken, seinast som sak 03/2014 den 03.04.2014.

Det er laga ein fordelingsmodell der driftstilskota vert prosentvis delt etter følgjande kriterium: folketal, talet på friluftsområde (delt på område som vert drifta frå sjø og område som vert drifta frå både sjø og land) og budsjett for Skjærgardstenesta.

Fordelingsmodellen, som vart lagt fram, og samrøystes vedteken på styremøtet den 03.04.2014, ligg til grunn for Fylkesmannen si utbetaling av det statlege tilskotet.

Følgjande summar vil verta utbetalte med det første:

Bergen og omland friluftsråd:	1 374 127,-
Friluftsrådet Vest:	581 949,-
Ryfylke friluftsråd:	920 427,-
Dalane friluftsråd:	88 498,-
Sum:	2 965 000,-

Statlege tilskot 2015

For utbetaling av det statlege tilskotet til driftseiningane for 2015, må søknaden innehalda ein årsplan/driftsplan og eit budsjett som viser både utgiftssida og kva for beløp dei einiskilde driftsaktørane bidreg med. Det vert også, som tidlegare år, stilt krav om rapportering for 2014 gjennom årsrapport og rekneskap.

Samarbeid lokalt Statens naturoppsyn

Som tidlegare år, er vilkåra for utbetaling av det statlege driftstilskotet, at naturoppsynsoppgåver vert konkret følgt opp i samråd med lokalt personell i Statens naturoppsyn (SNO). SNO ønskjer no å formalisera og styrkja samarbeidet med Skjærgardstjenesta gjennom regionale ansvarlege kontaktpersonar og meir formaliserte årshjul for samarbeid.

Me set vidare vilkår om at kvar einiskild driftseining, etter nærare avtale, kostnadsfritt må stilla båt, inkludert mannskap til disposisjon for SNO (evt. Fylkesmannen) i eit omfang på 7-10 dagar i løpet av året. Oppgåvene gjeld naturoppsyn etter nærare avtale med SNO lokalt (eigne oppdrag, bistand til SNO-opppdrag, eller praktiske skjøtselsoppgåver mv).

I tillegg set me vilkår om at naturoppsyn, så langt som mogleg, vert integrert i den ordinære daglege tenesta, i samråd med lokalt SNO.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsljef

Torborg Berge
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Torborg Berge
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 39
E-post: fmrotbe@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Statens naturoppsyn, Hordaland Kyst	Kaigata 9	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens naturoppsyn - Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Jæren friluftsråd	Nikkelveien 4	4313	Sandnes